
Arkivsak-dok. 21/01405-9
Saksbehandler Jan Petter Vad

Saksgang	Møtedato	
Utvalg for plan og forvaltning	25.11.2021	PS-74/21

Saksframlegg

Førstegangsbehandling - Detaljregulering Brannstasjon Åndalsnes

Kommunedirektørens innstilling:

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-10 leggest forslag til detaljregulering for Brannstasjon Åndalsnes ut til offentlig ettersyn.

Bakgrunn

Arkitektfirmaet HRP AS har på vegne av forslagsstiller Rauma kommune fremma forslag til detaljregulering for ny brannstasjon på Åndalsnes. Planforslaget legg til rette for etablering av brannstasjon og tilhørende areal i området vest for Helsehuset.

Planstatus

Området er i gjeldende områderegulering for Stokkekaia regulert til Forretning/Kontor og parkering/vegareal.

I kommunedelplan for Åndalsnes 2010-2020 er området avsatt til kombinert formål «Sentrums-, bolig- eller næringsformål».

Det vart avholdt oppstartsmøte med kommunen 24.06.2021, og varsel om oppstart vart sendt ut 25.06.2021. Tiltakshavar har oppsummert og kommentert innkomne merknadar på slutten av planbeskrivelsen.

Vurdering

Det er viktig å ha ein sentralt plassert brannstasjon, og det har vorte undersøkt fleire moglege alternativer. Kommunestyret gjorde vedtak om bygging på denne tomte i møte 18.04.2021 sak 22/21.

Grunnforhold og sikkerheit

Planområdet ligg innafor utløpssona til to ulike kvikkleiresoner (2388 Tingbakken og 2387 Vestre Kamsveg). I samband med etablering av Helsehuset vart det laga ei motfylling som auka stabiliteten til skråninga frå Tingbakken, og dette tiltaket er tilstrekkeleg også med tanke på etablering av den nye brannstasjonen. For den andre sona, Vestre Kamsveg, har det vorte gjort nye undersøkingar.

Det er utført grunnboring på sjølve tomta, samt ved kanten og ute i sjøen. Resultata av desse viser leire, men ikkje sprøbruddsmateriale. På bakgrunn av desse boringane er det vurdert at tomta ikkje ligg i eit mulig løsneområde for område-skred.

ERA Geo har gjennomført stabilitetsvurdering av skråninga frå Veste Kamsvegen, og stabiliteten er vurdert til å vere tilstrekkeleg for å etablere brannstasjon innafor utløpssona.

På sjølve tomta er det forventat at grunnen er setningsømfintleg, og ERA Geo anbefalar at det ved detaljprosjektering av bygget vert gjort supplerande grunnundersøkingar for å kunne vurdere setningsegenskapane til massene.

Tiltakskategorien krev at dei geotekniske vurderingene vert kvalitetssikra av eit uavhengig føretak. Denne prosessen er i gang, men per dags dato ikkje fullført. Før planen kan sendast ut på offentlig ettersyn vil det vere ei forutsetning at kvalitetskontrollen vert fullført, og at det ikkje vert avdekka avvik.

Gjennom den vedlagte ROS-analyse har det vorte identifisert 11 uønska hendingar som kan gi auka risiko. Av desse er det to som har vorte vurderte som svært alvorlege, og dette er fare for elveflaum og store nedbørmengder. Det er utarbeidd eit eige notat vedrørande denne risikoen, og det er foreslått tiltak for å sikre seg mot alvorlege hendingar.

Trafikksikkerheit

Strandgata har ein årsdøgntrafikk på 2000, og Vestre Kamsveg 50. Dette er gjennomsnittstal, og vil variere stort med tanke på årstid og tid på døgnet. Det er lagt opp til to adkomstar til og frå brannstasjonen, men det vert presisert at den sørlege adkomsten berre er tenkt nytta ved utrykningar. Den vedlagte trafikkanalyse viser at tiltaket vil medføre ein auke i årsdøgntrafikken på mellom 0,89 – 1,61 %, avhengig av utrykningshyppigheita. Dette er ein svært beskjeden auke, men under full utrykning vil det vere merkbar fleire bilar på vegen samstundes. Det er konkludert med at tiltaket ikkje vil vere ein trussel for trafikksikkerheita, men at det vil vere auka sannsyn for ulykker ved utrykningar. Dette er også noko som vil variere stort med tanke på tid på året og døgnet.

Naturmangfald

Alle saker som berører naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfoldloven § 8-12. I denne saka består området stort sett av gjeldande industriområde og køyreveg. Det er ikkje spesielle registreringar i naturbasen eller artskart, og kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt. Ut frå området karakter som industriområde vurderast det slik at ytterlegare vurderingar ikkje er nødvendig.

Konklusjon

Planforslaget kan leggest ut til offentlig ettersyn.

Vedlegg

RpNyBrannstasjon_ Planbeskrivelse-10-11-21.docx
Reguleringsbestemmelser Ny Brannstasjon-630012221_11-112021.pdf
4 Støyutredning for reguleringsplan Troa og Stokkekai-komprimert.pdf
Geoteknisk prosjekteringsrapport-komprimert.pdf
Miljøteknisk grunnundersøkelse med tiltaksplan Strandgata 58-komprimert.pdf
ROS-analyse - Brannstasjon Åndalsnes - komprimert.pdf
Trafikkanalyse - Åndalsnes brannstasjon-komprimert.pdf
Vurdering av flomfare for ny brannstasjon-komprimert.pdf
Samlet innspill til oppstart planarbeid-komprimert.pdf
3D illustrasjoner.pdf

Illustrasjonsplan-09-11-21.pdf
Ny brannstasjon_plankart_09112021.pdf